



**REFERAT FRÅ MØTE I DET KOMMUNALE FORELDREUTVALET FOR
GRUNNSKULEN (KFUG), 31.01.13**

Dok. ref.:	12/294-18/K2-A12//ØST	Møtedato/Tid :	31.01.13 Kl.19.00 -21.00
Stad:	Øygarden Rådhus Møterom: Rongesundet	Møtenr.:	01/13
Referent:	Øyvind Strandheim		
Tilstade:	Bernhard Eriksen David Lloyd Råmund Skjold Wegard Kristensen Reidar Johannesen Elise N Christensen Stein Vidar Risløw	Rong skule Blomvåg skule Bakken skule Toftøy skule Øygarden ungdomsskule Toftøy skule (rektor) Øygarden ungdomsskule (rektor)	
Forfall:	Marianne Bru Vidar Hitsøy Bente Tveit Espen Harkestad	Toftøy skule Rong skule Alvheim skule Øygarden ungdomsskule	

REFERAT VERT SENDT TIL:

SKULE	Leiar	Nestleiar
Toftøy skule	Marianne Bru marianne@gantic.no mob: 400 48 547	Wegard Kristensen wegard.kristensen@spv.no mob: 415 20 952
Rong skule	Bernhard Eriksen bern@statoil.com Pålsneset 5337 RONG mob: 913 92 457 tlf: 56384574	Vidar Hitsøy hitsoy@yahoo.no Moldebrekkene 5337 RONG mob: 410 42 795
Blomvåg skule	David Lloyd 5337 RONG davillo@statoil.com mob: 970 39 326	
Alvheim skule	Bente Tveit benttve@online.no	
Bakken skule	Råmund Skjold 5336 TJELDSTØ Ramund.skjold@oygarden.kommune.no mob:413 69 187	
Øygarden ungdomsskule	Espen Harkestad espen@obe.as mob:92898866	Reidar Johannesen Rkjoh1967@gmail.com Mob:93491210

SAKLISTE:

Sak nr.	Tema
01/13	Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 22.11.12 Godkjenning av innkalling til møte 31.01.13 Konklusjon: Referat frå møte 22.11.12 vart godkjent utan merknader Innkalling til møte 31.01.13 vart godkjent utan merknader
02/13	Status for skulene (max 15 min til saman) Øygarden ungdomsskule: <ul style="list-style-type: none">• Gjennomført psykisk/fysisk helseveke med flott foreldre/ elevkveld i Kulturhuset• Gjennomfører dansekveld, der 10.klasse arrangerer Alvheim og Bakken skule: <ul style="list-style-type: none">• Møte i FAU, 29.01• Planlegg elevkveld på Bakken skule• Skidag, 50-50 spleiselag• Skulefotografering Toftøy skule: <ul style="list-style-type: none">• Eitt møte i 2013. Vart informert om hyggelege resultat på nasjonale prøver• Gjennomgang av skuleøkonomi• Planlegg aktivitetsskveld• Gjennomgang av rekneskap for FAU• Tema: Lese og skrivevanskar• Juleavslutning: kr.5000 til FAU Blomvåg skule: <ul style="list-style-type: none">• Besøk av Comenius skular i EU-prosjekt. 23 vaksne deltakarar og 10 elevar frå Spania, Italia, Tyrkia, Slovakia, Polen og Tyskland. Vellukka arrangement. Sjå omtale på Blomvåg skule si heimeside.• FAU arbeider med vedtekter for FAU-Blomvåg• Planlegg skidag 15.02. Furedalen, Kvamskogen Rong skule: <ul style="list-style-type: none">• Nyttårball 5.-7.klasse• Planlegg «Stjerner i sikte»• Gjennomfører Klatrekvelder regelmessig• Takkar for invitasjonen til 7.klassane til foreldre/elevkvelden på Øygarden ungdomsskular• Bekymring: Elevar frå andre skular søker seg over til Rong skule
03/13	Notat frå leiar i møte 20.09, med 9 punkt til drøfting (sjå lista under

referatet)

Følgje opp konklusjonar i møte 22.11:

1. Leiar i KFUG viser til møte med KLEV, 04.06.12. Leiar har vore i kontakt med leiar i KLEV, som vil drøfta oppfølgingsmøte med medlemmane i KLEV, 03.12. KFUG: Kva vil politikarane med skulen? Dialog om kva ein kan gjera saman.
1. Kulturleiar er kontaktpersom for ungdomsrådet. Leiar, nestleiar i ungdomsrådet, vert saman med kulturleiar invitert til neste møte i KFUG. KFUG ønskjer informasjon om og dialog med ungdomsrådet.
2. Leiar i KLEV har vore i kontakt med Sund og Fjell kommune, for å få informasjon om kven som er leiar i dei kommunale foreldreutvala for grunnskulen. Kommunane har lova å finna svar.
3. KFUG ber Øygarden kommune v/servicetorg/ redaksjonen leggja ut ein kalender for tilstellingar/foreldremøte, på heimesida til kommunen
4. Temadag til våren: Leiar i KFUG tar kontakt med Thomas Nordahl for å engasjera han til foredragskveld for foreldra, der tema er den store elevundersøkinga til newzealenderen, John Hattie, om kva som virkar/ikkje virkar i skulen, og kva foreldra kan hjelpa barna med. Tid: mars/april
5. Drøfting:
 - a. Korleis hjelpe usikre foreldre?
 - b. Kan elevar på ungdomstrinn/vidaregåande gje leksehjelp?
 - c. Foreldrekurs for barn med lese og skrivevanskar
 - d. www.matematikk.org (foreldrekurs)
6. KFUG synest talet på inviterte rektorar var lågare enn forventa. Rektorane vert inviterte til neste møte for å informera om kva tiltak skulen har i høve lese og skrivevanskar.

Oppfølging 31.01.13:

1. Komite for Levekår drøftar i ordinært komitemøte 04.02.13, forslaga som KLEV og KFUG drøfta i møte 04.06.12. Det vert møte mellom KLEV og KFUG, 04.02.13, kl.18.00 -20.00 for å vurdera om kva område/tema/forslag som bør vektleggjast
2. Kulturleiar var forhindra å møta 31.01. Kulturleiar, leiar og nestleiar i Ungdomsrådet møter i neste møte i KFUG
3. Sund og Fjell har ikkje meldt tilbake til leiar i KFUG –Øygarden , namn/adresser/tlf for kontaktpersonar i dei kommunale foreldreutvala i desse kommunane
4. Servicetorget har lagt til rette for kalender som KFUG etterspør
5. Foredragshaldar er kontakta og stiller seg positiv, men må på grunn av uføresette omstende utsetja avtale om dato. Leiar i KFUG har fått forslag om alternativ kurshaldar og tar kontakt med denne
6. Kurs i lese og skrivevanskar. Sjå sak: 04/12

04/12

- **Lese og skrivevanskar: (tema vart utsett frå møte, 18.10.)**

Konklusjon 18.10:

- Det bør vera eit langsiktig mål å skapa større trykk rundt lese og skrivevanskar, fremja ein «dysleksivenleg skule»større trykk
- Avklare aksjon tidsplan og ansvar i denne saken

Konklusjon 22.11:

	<ul style="list-style-type: none"> • Rektorane vert inviterte til neste møte for å informera om kva tiltak skulen har i høve lese og skrivevanskar. <p>Oppfølging 31.01.13:</p> <p>Rektor på Toftøy skule informerte om:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Tidleg innsats, dialog med foreldre i høve lesekurs ○ Aski-Raski: Drilleprogram –leseinnlæring, som alle skulane i Øygarden har til heimlån ○ 2.kvart år lesekurs for foreldre til barn med lese og skrivevanskar ○ Barn med lese og skrivevanskar treng svært mykje støtte heimanfrå <p>Konklusjon 31.01.13: KFUG oppmodar og utfordrar skulane på å drøfta tema Lese og skrivevanskar, for å finna felles opplegg for å møta elevar med lese og skrivevanskar, og foreldra deira med same praksis/tiltak/strategi.</p>
05/12	<p>Invitasjon frå KLEV til møte med KFUG, 04.02.13</p> <p>Komite for Levekår ønskjer å møta det kommunale foreldreutvalet, måndag 04.02, kl.18.00 -20.00. Komiteen ønskjer å gå vidare på nokre av punkta frå sist møte mellom KLEV og KFUG, 04.06.12. Difor er referatet frå dette møtet vedlagt innkallinga</p> <p>Oppfølging: KFUG møter KLEV 04.02, kl.18.00 -20.00, i Rådhuset for å drøfta/ følgja opp punkta i referatet frå møte mellom KFUG og KLEV, 04.06.12.</p>
06/12	<p>Ranselspost – vedtak i KFUG, 03.11.09, innspel, 18.12.12, til drøfting frå rektor ved Rong skule:</p> <p>"INFORMASJON FRÅ LAG OG ORGANISASJONAR I KOMMUNEN ER GREITT, DET SOM KJEM UTANFRÅ VERT IKKJE SENDT MED ELEVANE. DEI FORELDRE SOM VIL RESERVERA SEG MOT INFORMASJON FRÅ LAG OG ORGANISASJONAR I KOMMUNEN, MÅ TA DETTE OPP DIREKTE MED SKULEN."</p> <p>Vedtaket i KFUG pr. 03.11.09 om reklame i skulen vert praktisert ulikt i kommunen: Det er behov for samkøyring/presiseringar knytta til tolking og praktisering av vedtaket.</p> <p>Denne veka har vi fått 2 henvendingar - frå Torsvikhuset og frå Vestkantsvømmerne (vedlagt). Kva med lokale kommersielle aktørar som t.d. Torsvikhuset? Er det gitt kommunal godkjenning for at tilbod frå denne bedrifta skal kunne sendast som ranselspost med elevane? FAU ved Rong skule har tidlegare bede om at slike infoark ikkje vert sendt ut som ranselspost. Ved andre barneskular er desse infoarka levert ut.</p> <p>Korleis vert det då med tilbod frå t.d. Vestkantsvømmerne? Dette er ein organisasjon utanfor kommunen. Skal det likevel leverast ut infoark frå dei? (Dette er gjort ved i alle fall ein av barneskulane - kanskje fleire.)</p> <p>Begge desse tilboda er sjølvsagt positive, - men dei er vel eigentleg i strid med vedtaket i KFUG om ranselspost - eller kva? Då dette pr. i dag vert vurdert/praktisert ulikt, er det ønskjeleg at KFUG event. KLEV kjem med nærare presiseringar knytta til vedtaket pr. 03.11.09. Det er uheldig at dei som kjem rundt med slike tilbod vert møtt med ja ved nokre skular og nei ved andre.</p> <p>Event. kan vi innføra ordning med at alle tilbod skal leverast kulturkontoret for felles</p>

	<p>godkjenning for så event. å bli distribuert ut via internpost til skulane.</p> <p>Konklusjon: KFUG presiserer innleiinga i vedtaket frå 03.11.09, slik: «INFORMASJON FRÅ LOKALE FRITIDSAKTIVITETAR I KOMMUNEN ER GREITT, DET SOM KJEM UTANFRÅ VERT IKKJE SENDT MED ELEVANE.....»</p>
<p>07/12</p>	<p>Eventuelt: Leiar tok opp, på bakgrunn av alvorlege skytetragediar ved skular, m.a i USA, spørsmål om korleis skulane i kommunen er førebudd på valdsepisodar.</p> <p>Temaet vart drøfta, stikkord:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Førebygging • Samarbeid med politiet • Risikovurderingar/ risikonivå i Øygarden kommune <p>Utdanningsdirektoratet : «Veileder for skolens møte med trusler om vold» var delt ut i møtet: Veilederen omhandlar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Førebygging • Beredskap for vald og truslar om vold • Konkrete punkt for god beredskap og krisehandtering • Handtering av truslar • Handtering av ein reell situasjon • Risikoforhold • Teikn på umiddelbar fare • Andre forhold <p>Oppfølging: KFUG ber beredskapsgruppa i Øygarden ta med seg tema førebygging av truslar/ vald i skulane til beredskapsmøte i regionen, for å vurdere tema i samanheng med oppdraget om å utarbeida interkommunale ROS-analyser. KFUG ber beredskapsgruppa om å vurdere kva som kan gjerast felles i regionen i høve beredskap mot truslar og vald. KFUG ber om tilbakemelding frå beredskapsgruppa</p>

TEMA TIL DRØFTING MELLOM KLEV OG KFUG, I MØTE 04.02, kl.18.00 -20.00

Saksliste:

1. Fokus på foreldre/skulerollen.
1. Korleis styrke FAU
2. Korleis rekruttera fleire mannlege lærarar/assistentar til barneskulane.
3. Levekårsundersøkinga med vekt på utdanning.
4. Styrking av FAU

5. Redusert haustferie

6. Uteområda ved skulane

1.Fokus på foreldre/skulerollen/ 2.Korleis styrke FAU

Drøfting/ innspel/spørsmål:

- Korleis skal ein klara å engasjera foreldra?
- Det må jobbast langsiktig
- Ein bør få foreldra til å bruka FAU. Mange veit ikkje kva FAU står for
- Er det nokon av FAU-ane som har heimeside?
- Er det eit ønskje at FAU ane kan bruka skulen sine ressursar
- Korleis kan ein involvera foreldra til å ta kontakt med FAU?
- Ein må få fram kva FAU står for. Det er viktig å få foreldra med på foreldremøta
- Det er for lite tydelig kva FAU sin rolle er
- Referata frå KFAU ber preg av at kvar skule fortel kva ein har gjort
- Det bør vera nærare samarbeid mellom FAU og skulane
- Det må vera ein struktur frå foreldra til FAU. Ein bør jobba med tema
- Foreldrerollen bør styrkast. Det bør vera kvalitet på lærarfunksjonen

Forslag:

- FAU bør ha datamaskin, slik at ein kan skriva referat
- FAU bør ta ansvar for å ajourføra nettsidene
- FAU ønskjer å ha e-postadresse til alle foreldra slik at ein kan få ut informasjon
- FAU ønskjer å bruka administrative ressursar på skulen
- FAU ønskjer å bruka kommunen sitt arkiv slik at ein kan finna igjen dokumenta. Slik det er no ligg referata på den enkelte si datamaskin
- FAU ønskjer å knyta seg til linken til Øygarden kommune. Det er viktige saker som har vore oppe utan at ein finn igjen informasjonen
- FAU ønskjer å ha ein representant frå FAU til å vera med på KLEV møte. Leiar meiner at det kan vera greitt at ein frå FAU møter i KLEV, men dei har ingen talerett
- FAU ønskjer å ha felles saker å jobba mot. Det bør vera likt tilbod for alle skular
- FAU ønskjer å få politikarane sitt syn på kva FAU skal stå for
- Det bør vera samarbeid mellom FAU og KLEV. Det finst planar for kva ein kan få til i løpet av 1 år
- Dei forskjellige FAU må samarbeida
- Viktig at KLEV sender ut saker på høring, og at KLEV får svar på det dei sender
- Referata frå administrasjonen bør gå direkte til leiar i FAU
- Foreldra bør få informasjon om, kvart år når skulen byrjar, kva FAU står for

3 Korleis rekruttera mannlige lærarar

Forslag:

- Alternativ læring kan vera eit godt alternativ til å rekruttera mannlige lærarar, f.eks. friluftaktivitetar
- Ein bør gå til andre kommunar for å høyra korleis dei har klart å rekruttera mannlige lærarar
- Kanskje skulane kunne ha samarbeid med Skjærgardsheimen

4. Levekårsundersøkinga med vekt på utdanning.

Bakgrunn:

SINTEF har gjennomført levekårsundersøking på oppdrag frå kommunestyret, der m.a utdanning/ kompetanse vart eitt av dei undersøkte tema.

Innspel:

- Det er eit problem å skaffa arbeidsplassar her i kommunen til personar som tek høg utdanning

5. Styrking av FAU

Det vert vist til punkt 1 og 2 i referatet

6. Redusert haustferie

Drøfting /innspel:

- Ein stor prosent av lærarane ønskjer å ha høstferie
- Kanskje ein kan forskyva haustferien til seinare, f.eks i oktober
- Kanskje det ikkje er nødvendig å ha ei heil veke haustferie, kanskje ein berre kan ta nokre dagar
- Haustferien kjem kanskje for tett etter sommarferien
- Lærarar/elevlar bør ha eit avbrekk på hausten og ønskjer å oppretthalda ordninga slik den er i dag. Nokon har besteforeldre som bur langt vekk og som elevane har ønskje om å besøkje
- Det kommunale FAU ønskjer ikkje å endra ordninga med haustferien, ein ønskjer å ha den ordninga som er no. Men haustferien kan forskyvast

7 Uteområdet ved skulane

Drøfting/innspel:

- KFAU ønskjer meir fysisk aktivitet ved skulane
- Vedlikehaldet ved skulane er for dårleg
- Kan ein henta midlar til å vedlikehalda uteområda? Ein kan søkje om midlar
- Ein kan diskutera på kvar einskild skule kva ein ønskjer å gjera for uteområda
- Er det noko poeng å ta med Alvheim/Bakken skular når det skal byggjast ny skule i nord?
- Sjølv om ikkje den nye skulen er bygt endå, bør ein vedlikehalda uteområda på Alvheim/Bakken skule slik at alle har same tilbodet
- Ein bør få til meir naturområde på uteområda
- Kan ein få til idretts SFO?
- Uteområda skal vera med på å stimulera til leik.
- Budsjettet for Øygarden vert vedtatt i desember. Det bør søkjast om midlar i god tid før budsjetthandsaminga
- Leikeapparata skal vera godkjente av Veritas. Ein kan søkje nærmiljøutvala om midlar til f.eks. leikeapparat

Eventuelt:

Målsetjing:

Leiar Kjetil Rong viser til kommuneplanen der det står om målsetjingar for skulane.

Målet må vera at ein bør liggja litt høgare enn landsgjennomsnittet på dei nasjonale prøvane.

FAU bør koma med synspunkt til KLEV korleis dei ønskjer å ha ein god strategi for skulane.

Dei kommunale planane skal vera styringsverktøy.

Planane som vert laga på skulane tek utgangspunkt i kommuneplanen

